



Eit helikopter frå Hovudredningssentralen på Sola vart i ettermiddag rekvirert av AMK for å henta ned ei kvinne, som skada seg etter eit fall ved Geitedalstind/Ulvanåso

Skodde i fjellet gjorde det umogleg for helikopteret å gå ned til kvinna, som er i slutten av 20-åra.

Difor vart to menn transportert opp for å bera henne til helikopteret. Dei var Bjørn Olav Tveit og Sigurd Børve. – Det er eit reint ambulanseoppdrag, som vi ikkje er direkte involverte i, seier vakthavande operasjonsleiar til uskedalen.no.

Dei fekk melding om ulukka kl 16.25.

Operasjonsleiarens fortel at kvinna er skadd i ein fot og at ho såleis ikkje kan føta seg. Difor trong ho hjelp til å koma seg ned frå fjellet.

Tekst:Kristian Hus
Foto:Kristian Bringedal